

Tabell D-fk

Indeks for berekna utgiftsbehov. Fylkeskommunane

Indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 16) blir berekna ved hjelp av kostnadsnøkkelen med tilhøyrande kriteriedata. Første steg er å berekne den enkelte fylkeskommune sin del av landssummen for det enkelte kriterium. Så blir den enkelte fylkeskommune sin del av landets innbyggjartal berekna (det vil seie innbyggjartalet i fylkeskommunen dividert med innbyggjartalet i landet).

Deretter blir indeks for det enkelte kriterium berekna etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunens del av kriterium}_k}{\text{Fylkeskommunens del av innbyggjarane}}$$

Ein fylkeskommune som har indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 0–15 år har like stor del av 0–15-åringar i landet som av totalt innbyggjartal i landet. Ein fylkeskommune med indeks lik 1,1 for same kriteriet har 10 prosent større del 0–15-åringar enn delen innbyggjarar. Ein fylkeskommune med indeks lik 0,9 for same kriteriet har 10 prosent lågare del 0–15-åringar enn delen innbyggjarar. Indeks for berekna utgiftsbehov blir berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksane for dei enkelte kriteria etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{14} V_k * I_{ki}$$

V_k er kriterievekt for kriterium k , I_{ki} er indeks for kriterium k for fylkeskommune i .

Kostnadsnøkkel for fylkeskommunar

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 0–15 år	0,064
Innbyggjarar 16–18 år	0,526
Innbyggjarar 19–34 år	0,027
Innbyggjarar 35–66 år	0,035
Innbyggjarar 67–74 år	0,008
Innbyggjarar 75 år og over	0,009
Rutenett til sjøs	0,032
Innbyggjarar busett spreidd	0,022
Areal	0,007
Storbyfaktor	0,016
Befolkning på øyar	0,009
Vedlikehaldskostnader veg	0,064
Reinvesteringskostnader veg	0,032
Søkjarar yrkesfag	0,149
Sum	1,000

Vekta for kvart enkelt kriterium er vist i kostnadsnøkkelen i tabellen over. Det er ingen endringar i kostnadsnøkkelen i 2013.

Som det går fram av tabellen har innbyggjarar 0–15 år vekta 0,064 eller 6,4 prosent i samla kostnadsnøkkel. Det betyr at 6,4 prosent av fylkeskommunanes berekna utgiftsbehov på dei områda som blir dekte av utgiftsutjamninga er knytt til talet på innbyggjarar 0–15 år.

Indeks for det enkelte kriterium er vist i kolonnane 2–15. Kriteria er definerte og kriterieverdiane vist i tabell E-fk.

Kolonne 1 – Delen innbyggjarar totalt

Kolonne 2 – Indeks for innbyggjarar 0–15 år

Kolonne 3 – Indeks for innbyggjarar 16–18 år

Kolonne 4 – Indeks for innbyggjarar 19–34 år

Kolonne 5 – Indeks for innbyggjarar 35–66 år

Kolonne 6 – Indeks for innbyggjarar 67–74 år

Kolonne 7 – Indeks for innbyggjarar 75 år og over

Kolonne 8 – Indeks for rutenett til sjøs

Kolonne 9 – Indeks for innbyggjarar busette spreidd

Kolonne 10 – Indeks for areal

Kolonne 11 – Indeks for storbyfaktor

Kolonne 12 – Indeks for befolkning på øyar

Kolonne 13 – Indeks for berekna vedlikehaldskostnader veg

Kolonne 14 – Indeks for berekna investeringskostnader veg

Kolonne 15 – Indeks for søkjarar yrkesfag

Kolonne 16 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 2–15. Kolonnen blir brukt i tabell A-fk, kolonne 1.